



## SAKSFRAMLEGG

Utval	Møtedato	Utvalsak
Plan- og miljøutvalet	25.09.2024	116/24
Kommunestyret	22.10.2024	146/24

### **Revisjon av vilkår for reguleringa av Røldal-Suldalsvassdraget, og søknad om konsesjon til 5 nye kraftverk i same vassdrag - høyringsuttale**

#### **Vedlegg**

- 1 Revisjonsdokument for Røldal Suldal kraftverk
- 2 Konsesjonssøknad for opprusting og utvidelse av Røldal Suldal kraftverk
- 3 Brev frå grunneigarar ved Holmavatnet i Vinje kommune, 03.09.2024
- 4 Brev frå Vinje Vest villreinlag, 04.09.2024
- 5 Kartvedlegg

#### **Dokument i saka**

[www.nve.no/8571/V](http://www.nve.no/8571/V) (vilkårsrevisjon og tilhøyrande dokument)

[www.nve.no/9236/V](http://www.nve.no/9236/V) (konsesjonssøknad for utviding og opprusting og tilhøyrande dokument)

#### **Bakgrunn**


NVE vedtok den 17.03.2022 at konsesjonsvilkåra for reguleringa av Røldal-Suldalsvassdraget skal reviderast. Vinje kommune fekk 29.04.2024 samla høyringsbrev for revisjonsdokument og søknader om nye kraftverk i Røldal-Suldalsvassdraget. Opprustnings- og utvidelsesprosjekt (OU) omsøkast parallelt med innsending av revisjonsdokumentet, slik at det kan gjerast ei samordna handsaming. Alle tilhøyrande dokument til revisjonen og OU er lagt ut på NVE sine sider til sakene, sjå lenkene under «Dokument i saka».

På bakgrunn av kravet om vilkårsrevisjon frå Ullensvang og Suldal kommunar og føringar frå NVE, har RSK DA (ved Lyse kraft DA), utarbeida eit revisjonsdokument (vedlegg 1) som omtalar reguleringane, og vurderer dei ulempene ein er kjent med, samt Lyse Kraft si vurdering av innsendte krav til revisjonen.

I tillegg har RSK DA sendt inn ein søknad om konsesjon (vedlegg 2) til å byggje og drive Røldal 2 pumpekraftverk, Novle 2 pumpekraftverk, Kvanndal 2 pumpekraftverk, Suldal 2B kraftverk og Nordmork kraftverk. Kraftverka vil utnytte dei same reguleringsmagasina som eksisterande kraftverk, men gje meir fleksibel produksjon av kraft.

Frist for å sende fråsegn er 01.11.2024. Opphavleg frist for å sende fråsegn var 31.08.2024, men kommunen har fått innvilga utvida frist.

For Vinje kommune sin del er det området ved reguleringsmagasinet Holmavatnet (sjå figur 1), som ligg på grensa mellom Vinje, Suldal og Bykle kommunar, som vert påverka av både vilkårsrevisjon og konsesjonssøknaden. Saksframlegget vil avgrense seg til denne delen av reguleringa.




Figur 1. Kartutsnitt over Vinje kommune med Holmavatnet markert i raudt.

### Revisjon av konsesjonsvilkår


Revisjonsdokumentet skildrar reguleringane, ulemper ein er kjent med, og krav frå kommunane. Det er utarbeidd fagrapportar knytt til fisk i magasinane, fisk i tilløpselvar til Suldalsvatnet, villrein, landskap, friluftsliv og ferdsel, og kulturminne.

I området ved Holmavatnet er villreinomsynet eit særleg viktig tema. Eit av krava til revisjonen har vore å betre og gjenopprette funksjonaliteten i trekkorridorar i Verneområda i Setesdal Vesthei,

Ryfylkeheiane og Frafjordheiane (SVR). På Suldal si side av Holmavatnet er det fire samanhengande naturvernområde som mellom anna skal sikre eit større leveområde for villrein. Holmavassåno biotopvernområde er eit trekkområde for villreinen om sommaren, og om vinteren brukar dei isen på Holmavatnet. Biotopvernområdet er sterkt prega av vasskraftutbygginga. Kraftliner, menneskeleg ferdsel langs turløyper og anleggsveggar og slepp av vatn i det dels opne elveleiet i Holmavassåna på vinterstid er trekt fram som viktige hinder for villreinen.



Figur 2. Naturvernområde i tilknytning til reguleringsområdet.




Figur 3. Kartutsnitt over eksisterande (raud stipla line) og planlagt (blå heiltrekt line) utbygging av kraftanlegg knytt til Holmavatnet.

I revisjonsdokumentet og konsesjonssøknaden er det foreslått å stoppe tapping av Holmavassåna. I dagens system tappast vatn frå Holmavatnet gjennom ein kort tappetunnel (raud strek ved sørsida av Holmavatnet i figur 3), og etter det renn vatnet i det naturlege elveløpet til Holmavassåna ned til Sandvatnet. Det meste av denne tappinga skjer på vinteren, når det er låg naturleg vassføring, og når elva frå naturen si side ville ha vore dekt av is og snø. Ved utbygging av Kvanndal 2 pumpekraftverk vil vatnet frå Holmavatnet takast direkte inn i dette kraftverket sin tilløpstunnel (blå strek ved vestkanten av Holmavatnet i figur 3). Det vil berre i sjeldne fall sleppast vatn i den naturlege elvestrengen. Det er ingen minstevassføring i Holmavassåna.

### Konsesjonssøknad

Av dei fem nye kraftverka det søkjast konsesjon for er tre av dei pumpekraftverk. Ein del kraft vil då brukast for å pumpe vatn tilbake i reguleringsmagasina, slik at ein får noko mindre netto produsert kraft totalt, men høgare effekt og meir fleksibilitet. Veksling mellom køyring av kraftverk og pumping vil avhenge av tilsig og kraftprisar.

Holmavatnet har i dag ei reguleringshøgde på 10 m, mellom 1048 moh (LRV) og 1058 moh (HRV). Det vert søkt om ei ytterlegare senking av LRV til 1043 moh, som vil auke reguleringa til 15 m, og auke magasinvolümet med ca. 26 %. Endring frå dagens reguleringszone rundt Holmavatnet er illustrert i figur 4.



Figur 4. Eksisterande reguleringszone i Holmavatnet i ljøs blå farge, og ny reguleringszone ved 5 m senking av LRV i mørk blå farge.

Det søkjast konsesjon for utbygging av pumpekraftverket Kvanndal 2 mellom dei eksisterande reguleringsmagasina Holmavatnet og Kvanndalsfoss. Nedste del av Tverråna, som i dag renn til Sandvatnet, skal overførast til Holmavatnet via eit bekkeinntak på tilløpstunnelen til Kvanndal 2. Ved auka regulering av Holmavatnet vil Lyse Kraft la Isvatn vera sjølvregulerande, med tilnærma naturleg avrenning mot Tverråna. Kvanndal 2 pumpekraftverk vil og fjerne vintertappinga frå Holmavatnet til Sandvatnet (gjennom Holmavassåna). Pumpekraftverket vil gjera det mogleg å pumpe vatn frå Kvanndalsfoss til Holmavatnet, og produsere kraft når vatnet vert sleppt ned att.

Endring i magasinvasstand i Holmavatnet kan skje raskare enn i dag, både ved oppfylling og tapping, og med inntil 25 cm i døgnet. Det må ventast fleire periodar med senking og påfølgande fyllingar enn det som har vore vanleg. Lengre periodar mellom veksling av produksjon og pumping kan få visuelle konsekvensar for landskapsopplevinga, med ei større tørrlagt reguleringszone i eit relativt slakt terreng. Det kan og føre til problem for botndyr og gytemoglegheiter for fisk.

### Heiplanen og Vinje kommune sin arealdel

Regional plan for Setesdalheiane (Heiplanen), i punkt 6.3.3.7. om energi, legg opp til at det ikkje skal godkjennast nye store kraftprosjekt i Nasjonalt villreinområde, og at nødvendig drift og vedlikehald skal ta omsyn til villreinen sine interesser. Kommuneplanen sin arealdel for Vinje kommune vart vedteke før Heiplanen var ferdigstilt, men føresegnene viser til at regionalplanen er under arbeid og vil leggje føringar for bruken av områda. Samla sett framhevar Heiplanen betydningen av fjellområda som leveområde for villrein, og pålegg nye kraftprosjekt å vektlegge dette temaet i sine utredningar.

### Konsekvensvurdering for villrein

Under punkt 5.3.4 i konsekvensutredninga [RSK opprusting og utvidelse \(nve.no\)](#) vert samla vurdering av konsekvensar for villrein skildra som samansett. Nye permanente inngrep vil ha negativ verknad, mens fjerning av vintervassføring i Holmavassåno vil vera positivt då dei reknar det som ein viktig barriere for villreinen sin bruk av trekkorridoren gjennom Holmavassåno biotopvernområde i dag. Dette tiltaket i samband med fjerning av eksisterande anleggsveg til Holmavatnet og omlegging av løypenettet gjennom området, skal avgrense dei negative konsekvensane utbygginga kan ha for villreinen.

### Krav om tilleggsdokumentasjon

Verneområdestyre for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane (SVR) og Suldal kommune har begge bedt om tilleggsdokumentasjon for å auke kunnskapsgrunnlaget med omsyn til konsekvensar for villreinen ved ei utvida vassregulering. Det gjeng mellom anna på villreinen si noverande og faktiske bruk av isen på Holmavatnet, vandringshinder Holmavassåna og Tverrå, samt tilleggsdokumentasjon om utbyggingsalternativ utanfor verneområde. Suldal kommune har og bedt om ei litteraturstudie på isproblematikk, for å skildre villreinen sin bruk av isen på naturlege innsjøar versus «normale» reguleringsmagasin og reguleringsmagasin for pumpekraftverk. Dei ber og om at det vert gjort ei simulering av villreinen sin bruk av området gjennom datamodellen OnelImpact, som er utvikla gjennom dei siste 10 åra for å vise påverknader av vegar, dammar og hyttefelt på naturen, og effekten av ulike miljøtiltak. Ei slik simulering må sjåast i samheng med litteraturstudien og lokale GPS-data. Brevet er tilgjengelege på [sida om vilkårsrevisjonen hos NVE](#).

### Brev frå grunneigarar og Vinje-Vest Villreinlag

Vinje kommune fekk 03.09.2024 brev (vedlegg 3) gjeldande denne høyringa frå grunneigarane av Langesæhalline 92/3 og Halsen nordre 103/2. Revisjonen og OU slik det er søkt om no vil få store konsekvensar for eigedomane, der det drivast tradisjonell utmarksnæring basert på utleige av jakt, fiske og beite. Brevet skildrar korleis den auka reguleringa og bruken av pumpekraftverk vil få negative utslag for fisken med dårlege gytemoglegheiter, og for villreinen med vanskelegare kryssing av isen. Dette vil true næringsgrunnlaget på eigedomane. Dei foreslår at ein i utbygginga bør sjå på andre alternativ rundt Sandvatn, der det vil vera færre skadevirkningar.

Vinje kommune fekk og brev frå Vinje-Vest Villreinlag 04.09.2024 (vedlegg 4). Brevet skildrar følger for grunneigarar og villrein, og gjev samtidig historikk rundt anleggsvegen og kritikk av kvaliteten på villreinrapporten som fagleg grunnlag for revisjonen og OU.

Begge breva frå grunneigarane og villreinlaget er sterkt kritiske til at anleggsvegen til Holmavatnet er foreslått fjerna på grunn av villreinomsyn, samtidig som tilhøva for villreinen vert forverra ved den omsøkte utbygginga. Veggen brukast i dag som tilkomstveg til eigedomane på nordsida av vatnet, og er viktig for drifta. Dei viser til tidlegare støtte og krav frå Vinje kommune om at grunneigarane må få tilgang til denne veggen. Anleggsvegen er ikkje open for ålmenta i dag, men grunneigarane og RSK DA har nøklar til bom.

### Vidare saksgang

Etter høyringa sender NVE mottekne fråsegner til Lyse Kraft for kommentarar. Basert på revisjonsdokument, høyringsfråsegner og Lyse Kraft sine kommentarar, gir NVE innstilling til Energidepartementet. Departementet leverer innstilling til kongeleg resolusjon til Regjeringa og endeleg vedtak blir fatta av Kongen i statsråd. Vidare framdrift blir styrt av NVE og ED.

## Vurdering

Denne høyringa tek for seg to saker parallelt - vilkårsrevisjon og konsesjonssøknad for OU. Eit av hovudformåla med ein vilkårsrevisjon er å betre miljøtilhøva i regulerte vassdrag. Endring av reguleringshøgder skal ikkje vera tema for vilkårsrevisjon, men i dette tilfellet blir det eit tema sidan konsesjonssøknaden og vilkårsrevisjonen skal sjåast i samanheng. Det kan absolutt vera ein fordel at desse sakene vert handsama parallelt, men det fører og til ein situasjon der ein skal sjå på å betre eller i det minste unngå forverring av miljøtilstanden i Holmavatnet, samtidig med at det leggst opp til å auke reguleringa med fem meter og opnast for pumpekraftverk, med dei konsekvensane det kan få for miljøtilhøva i Holmavatnet, og bruk av området for dyr og menneske.

Konsekvensutgreiinga viser til betra tilhøve for villreinen ved fjerning av vandringshinder i og ved Holmavassåno biotopvernområde, men skildrar ikkje godt nok dei negative konsekvensane i høve ferdsel over isen på Holmavatnet når reguleringa aukar og Holmavatnet blir eit trykkbasseng for pumpekraftverket Kvanndal 2. Samtidig fører dette til nye inngrep i verna område, der ein har klare føringar på å avgrense dei negative konsekvensane ved kraftutbygging som råkar villrein.

Kommunedirektøren vil støtte krava frå Suldal kommune og Verneområdestyret for SVR om eit auka kunnskapsgrunnlag kring villreinen si bruk av området, og alternativ til utbygginga. Det må gjerast nye vurderingar av alternativ som ikkje forringar tilhøve for vassmiljø, fisk, villrein og friluftsliv i og ved Holmavatnet.

Når det gjeld krav frå grunneigarar om bruk av anleggsvegen til Holmavatnet er dette privatrettsleg mellom grunneigarane og RSK DA. Det bør likevel nemnast at det faglege grunnlaget for å fastslå at denne veggen no er eit vandringshinder har vore kritisert av grunneigarar og Vinje kommune tidlegare. Veggen er bomma, og blir ikkje brøyta vinterstid. Det er ikkje godt nok dokumentert at fjerning av veggen, stans i vintertapping av Holmavassåna og omlegging av løypenettet skal vega opp for dei negative konsekvensane utbygginga får for villreinen.

Saka gjeng til kommunestyret.

## Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vinje kommune sender over fylgjande innspel til høyringa:

- Vinje kommune stør krava om at det vert utarbeida eit oppdatert kunnskapsgrunnlag kring villreinen si bruk av området, og alternativ til utbygginga.
- Det må gjerast nye vurderingar av alternativ som ikkje forringar tilhøve for vassmiljø, fisk, villrein og friluftsliv i og ved Holmavatnet som følgje av auka regulering samt etablering av pumpekraftverk.

## Plan- og miljøutvalet si handsaming av sak 116/2024 i møtet den 25.09.2024

### Røysting

Dokument delt ut i møte:

- utvalet fekk tilsendt e-post frå Knut Haukelid, dagsett 24.09.24

Framlegg frå Tone Edland (Sp)

Tillegg:

Vinje kommune stør kravet til grunneigarane i Vinje om tilgang til anleggsvegen frå Nesflaten til Holmavatn.

Kommunedirektørens framlegg blei samrøystes vedteke.  
Edlands tilleggsframlegg blei samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Vinje kommune sender over fylgjande innspel til høyringa:

- Vinje kommune stør krava om at det vert utarbeida eit oppdatert kunnskapsgrunnlag kring villreinen sin bruk av området, og alternativ til utbygginga.
- Det må gjerast nye vurderingar av alternativ som ikkje forringar tilhøve for vassmiljø, fisk, villrein og friluftsliv i og ved Holmavatnet som følgje av auka regulering samt etablering av pumpekraftverk.
- Vinje kommune stør kravet til grunneigarane i Vinje om tilgang til anleggsvegen frå Nesflaten til Holmavatn.

Saksordførar: Hans Martin Huse

---

### **Kommunestyret si handsaming av sak 146/2024 i møtet den 22.10.2024**

#### **Røysting**

Plan- og miljøutvalets framlegg blei samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Vinje kommune sender over fylgjande innspel til høyringa:

- Vinje kommune stør krava om at det vert utarbeida eit oppdatert kunnskapsgrunnlag kring villreinen sin bruk av området, og alternativ til utbygginga.
- Det må gjerast nye vurderingar av alternativ som ikkje forringar tilhøve for vassmiljø, fisk, villrein og friluftsliv i og ved Holmavatnet som følgje av auka regulering samt etablering av pumpekraftverk.
- Vinje kommune stør kravet til grunneigarane i Vinje om tilgang til anleggsvegen frå Nesflaten til Holmavatn.

---

Saksframlegg er godkjent av , .